



Minibiblioteket på kaien i Uskedalen er godt synleg og open heile døgeret.

Minibiblioteket på kaien i Uskedalen er opna for sommarsesongen. Det er ei bokbu der du fritt kan ta ei bok og behalda den. Du kan også levera inn bøker og la dei gå inn i samlinga. Ideen er unik. Det er gjenbruk av bøker, som elles ofte vert kasta. Det er andre året SPAR Uskedalen har dette tilbodet som eit trivselsfremjande tiltak.

Påskegjester og andre set pris på bokbua på Sanden. Uskedalen.no snakka med gjester frå Trømsø som ferierer fast i Uskedalen. Minibiblioteket er eineståande og vert brukt. Det manglar barnebøker, men det vil sikkert koma på plass etter kvart.

Det er mest romanar i hyllene så langt. Manglar du påskekrim, ja, så er løysinga enkel. Bokbua er godt synleg og open heile døgeret.

Mottoet er:

- Ta ei bok
- Les ei bok
- Behald ei bok
- Set inn ei bok

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er alt sett inn mange bøker i hyllene, men det manglar barnebøker.